

**FORUT kafe vert skipa imorgon**

29.10.2014

**Imorgon torsdag frå klokka 14.30 til 17.00 skipar Uskedalen barnehage FORUT kafe, fortel styraren, Ann Irene Sæle. Inntekten går til FORUTs prosjekt for barn i Nepal og andre land i Asia og Afrika.**

Borna har ei tid arbeida med temaet korleis det er å være born i Nepal, Afrika og asiatiske land og korleis vi kan hjelpe. Kafeen vert skipa som ein avslutning på prosjektet.

Borna har laga maleri, baka bollar og kaker som vil bli seld på kafeen. I tillegg er det sal av FORUT-produkt og loddsal.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen